

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.10.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.
2. Det må takast omsyn til at talet på fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i talet på studentar ved Fagskolen i Hordaland.
3. Då fagskulen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje i dag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.
4. Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokaliseras i same lokale.